



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato
02.07.2015
Dykkar dato
14.04.2015

Vår referanse
2015/5466 520
Dykkar referanse

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Svar på søknad - Klima- og miljøprogram 2015 - Rettleiar for landbruk og kulturlandskap - frå Landbrukskontoret for Austrheim Fedje og Radøy

Viser til dykkar søknad av 14.04.15 med tilleggsinformasjon av 20.05, 22.05 og 25.06 til klima og miljøprogrammet 2015.

Bakgrunn:

Søknaden fokuserer på trangen for dokumentasjon og formidling av eigenverdien av kystlynghei i form av kulturlandskap, driftsmåte og historie, som særmerke og identitet. Dette står i kontrast til diverse utbyggingsplanar, samtidig som mangel på vedlikehald vil føre til attgroing og dermed tap av verdifullt kulturlandskap.

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy ynskjer å lage ein rettleiar i form av ein foldar som formidlar desse verdiane. Dei vil feste informasjonen frå foldaren til digitalt kartverk og digitalisere informasjonen.

Rettleieren skal brukast til av landbruksforvaltninga til formidling av lovar og reglar, haldningar og kulturforsråing ovanfor ålmenta, sokjararar av tiltak i landbrukets kulturlandskap og til politikarane. Formålet er å formidle korleis forvaltninga er bundne av føringar gjennom politisk vedteken kommuneplan, og offentlegrettslege lovar og reglar. Rettleieren skal også kunne fungere som eit digitalt dokument– slik at det kan brukast i politikaropplæring og til dømes på nettsida til kommunen. Søkjar vil fremje evna til å sjå tiltak i eit lengre tidsperspektiv, og kva som er lønsamt på sikt.

Vår vurdering:

Prosjektet handlar om press på kulturlandskap og formidling av verdiar og rammer rundt desse. Dette er ein sentral problemstilling for kystlyngheiene generelt, og Nordhordland særskilt.

Jf. mandat for Klima og miljøprogrammet Jordbruksavtalen 2014-2015 (30.juni 2014) skal midlane gå til *utredningsprosjektet og informasjonstiltak på miljøområdet innanfor temaet ...kulturlandskap, naturmangfold og relaterte utfordringar.*

Tiltaket er å sjå innanfor målsetnadane for ordninga.

Vedtak:

Fylkesmannen har mange oppgåver å løyse med desse midlane, og imøtekjem søknaden med kr 50 000,-.

Arbeidsfrist: Tiltaket skal gjennomførast innan 02.07.2017. Sluttrapport sendast innan fristen har gått ut.

Utbetaling skjer på grunnlag av oppmoding frå mottakar etter at tiltaket er gjennomført. Det skal fylje med ein kortfatta rapport med oversyn over rekneskap og finansiering frå tiltaket med oppmoding om utbetaling med kontonummer.

Tilskotet skal ikkje dekkje ordinære drifts- og administrasjonskostnadar.

Klagerett

Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, postboks 8140 Dep., 0033 Oslo, og sendast Fylkesmannen i Hordaland ved landbruksavdelinga. Klaga bør vere grunngjeve, jf. § 32 i forvaltningslova. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de mottok denne meldinga.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kari Beate Mostad
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.